

Arkivnr: 2014/11235-8
Saksbehandlar: Jone Engelsvold

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestinget		09.12.2014
Fylkesutvalet		19.11.2014

Regional forskingsstrategi Hordaland 2015 - 2019

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har eit samordningsansvar for regionale utviklingsoppgåver og har gjennom forvaltningsreforma fått ansvaret for å styrke arbeidet med forskning som kan fremje regional utvikling. Forskingsstrategien legg på dette grunnlaget også rammer for dei regionale verkemiddelaktørane sitt arbeid med forskning og regional utvikling. Regional forskingsstrategi Hordaland 2015 – 2019 er ei vidareføring av den første regionale forskingsstrategien i Hordaland frå 2010.

Regional forskingsstrategi Hordaland 2015 – 2019 skildrar og drøfter sentrale trekk ved det regionale innovasjonssystemet i fylket, der det vert gjort greie for status, utfordringar og viktige kunnskapsområde for Hordaland. Eit eige vedlegg til strategien presenterer oppdatert statistikk om forskingsaktivitet i Hordaland både innan FoU-institusjonar, næringsliv og offentleg sektor. Vedlegget er sjølvstendig dokumentasjon, men gir også grunnlag for vurdering av resultat frå arbeidet med oppfølging av strategien.

Regional forskingsstrategi Hordaland 2015 – 2019 har som overordna mål å oppnå ein offentleg og privat sektor i Hordaland som aktivt utviklar og nyttar forskingsbasert kunnskap som grunnlag for auka verdiskaping og betre oppgåveløysing.

Basert på vurdering av viktige utfordringar er det fremja **tre delmål**:

- 1: Eit meir forskingsorientert og innovativt næringsliv**
- 2: Teknologiskifte knytt til klimatilpassing og nye miljøløysingar**
- 3: Ein meir innovativ offentleg sektor**

Arbeidet med Regional forskingsstrategi har vist at det er lite samarbeid mellom næringsliv, offentleg sektor og forskingsmiljø. Fleire finansieringsordningar for forskning vert dessutan nytta dårlegare enn ønskjeleg. Desse to momenta ligg derfor til grunn når det er lagt opp til at mål og delmål skal realiserast ved å arbeide med følgjande **to strategiske grep**:

- 1: Auka samarbeid om forskning** – arbeide for å auke bruken av ordningar og innsats gjennom å mobilisere, stimulere og kvalifisere aktuelle miljø til auka samarbeid om forskingsaktivitet
- 2: Auka bruk av ordningar for finansiering av forskning** - marknadsføre og stimulere til bruk av ordningar for finansiering av regionalt relevant og viktig forskingsaktivitet

Til begge strategiane er det arbeid fram fleire resultatområde og ei drøfting av ansvar og realisering av oppgåver knytt til desse.

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek Regional forskingsstrategi Hordaland 2015 – 2019

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 30.10.2014

Forsking som grunnlag for innovasjon

Regional forskingsstrategi 2015 – 2019 legg til grunn at auka forskingsaktivitet i offentlig og privat sektor og utvikling og bruk av ny kunnskap er avgjerande for å kunne handtere framtidens utfordringar knytt til omstilling og innovasjon. Auka forskingsaktivitet kan bidra til innovasjon som kan skape langsiktig og bærekraftig verdiskaping, betre oppgåveløysing og ei kunnskapsbasert og heilskapleg forvaltning. For å nå målsettingane med strategien, er ein avhengig av samarbeid med andre lokale, regionale og statlege aktørar innan privat og offentleg sektor.

God forskning gir ny kunnskap som kan gi grunnlag for innovasjon når denne vert nyttiggjort. Innovasjonen kan vere eit nytt produkt eller ei teneste til sals på ein marknad, eller ein ny og betre måte å løyse eit problem i offentleg sektor. Innovasjonar basert på forskning og heilt ny kunnskap har ofte potensial til å gjere ein stor forskjell. Regional forskingsstrategi Hordaland tek mål av seg å medverke til meir forskning i fylket på område som både er politisk prioriterte og relevante for næringslivet og offentleg sektor i Hordaland. Vidare skal strategien også legge til rette for auka bruk av forskingsresultat gjennom eit styrka samarbeid innan det regionale innovasjonssystemet.

Nærare om bakgrunn og føremålet med strategien

Regional forskingsstrategi Hordaland 2015 – 2019 er ei vidareføring av den første regionale forskingsstrategien i Hordaland som vart vedteken av fylkestinget i mars 2010.

Sidan 2010 er det arbeidd mykje med å stimulere til samarbeid mellom forskingsmiljø og brukarar av forskingsresultat. Etableringa av Regionalt forskingsfond Vestlandet har vore ein viktig faktor i dette arbeidet. Samstundes viser erfaringane at det er mange uløyste utfordringar knytt til å mobilisere særleg aktørar som har lite erfaring med forskning.

Regional forskingsstrategi Hordaland 2015 har som formål å

- Styrke det regionale innovasjonssystemet ved å legge til rette for betre samarbeid mellom regionale aktørar og forskingsmiljø i fylket og mobilisere fleire private og offentlege aktørar til forskingsaktivitetar.
- Peike på sentrale oppgåver og ansvarsområde for lokale og regionale styresmakter knytt til forskning og utvikling i Hordaland.
- Vere styringsdokumentet for Hordaland fylkeskommune sine eigne ansvarsområde innan forskingsfeltet
- Gi innspel til utforming av nasjonale og internasjonale forskingsprioriteringar
- Gi oversyn over «forskingsfylket» Hordaland - (sjå eige Vedlegg 1).

Arbeidsprosess og medverknad

Arbeidet med strategien har vore organisert rundt ei stor arbeidsgruppe med både eksterne samarbeidspartar og representasjon frå fleire fylkeskommunale avdelingar (sjå strategidokumentet). Det er også halde eit ope drøftingsmøte og konsultasjon med Regionalt næringsforum. Arbeidsforma har søkt å forankre strategien gjennom ulike steg i prosessen, frå drøfting av trekk ved «Forskingsfylket Hordaland» via tolking av det regionale innovasjonssystemet til formulering av mål, strategi og resultatområde. Både prosjektgruppa og fleire av dei som deltok i det opne drøftingsmøte har medverka til forming av tekst. Utforminga av det endelege dokumentet er gjort av prosjektleinga ved Regionalavdelinga.